


- Ja, eg ønskjer å eit heilt uforpliktande tilbod om medlemsskap i Norsk Bygdesagforening.
Eg vil få tilsendt meir informasjon og prøveeksemplar av Sagbladet.
GARANTERT HEILT GRATIS.



Namn:

Adresse:

Postnr. Poststad:

Mobil:

E-post:

Returadresse:

Norsk Bygdesagforening
Ytrehorn Industriområde
6763 Hornindal

Ordinært medlemskap kostar kr. 975 for første medlemsår. Dette er halv pris av ordinær medlemskontingent for at postestille medlemmar skal få eit «prøveår». Medlemskapet inkluderer abonnement på Sagbladet, men det er og høve til å kun abonnere på Sagbladet. Prisen på abonnement er kr. 500 pr. år.



**Norsk
Bygdesagforening**

Ytrehorn Industriområde
6763 Hornindal
Tlf.: 91886113
E-post: norbygd@online.no

www.sag.no

www.dmt.no



Norsk Bygdesagforening er ein organisasjon med medlemmar fordelt ganske jamt over heile landet. Dei fleste av medlemmane er sagbrukseigarar, men også snekkeri, høvleri, laftarar og andre er medlemmar. Eit stort spekter av produkt blir produsert av våre medlemmar og dei aller fleste er spesialprodukt. Lange lengder, grove dimensjonar, spesialprofilar, søyler, spon, kjerneved, ukanta kledning, massivtre, lafteplank og restaureringsmaterial er eksempel på produkt frå sagbruka. I tillegg er det fleire som leverer bl.a. ferdige bygg, modulbygg, grindbygg.



**Norsk
Bygdesagforening**

**ORGANISASJONEN FOR
ALLE SOM ER GLAD I TRE**

Vår kunnskap og fleksibilitet gjer oss unike



VÅR FOREINING:

Norsk Bygdesagforening er ein interesseorganisasjon for norske spesialsagbruk og mindre trebearbeidande industri i Noreg. Foreininga vart etablert i 1987 og har sidan oppstart utvikla seg til i dag å ha over 300 medlemsbedrifter. Vår administrasjon er plassert i Hornindal i Sogn og Fjordane. I tillegg har kvart fylke kvar sin fylkeskontakt eller fylkesleiar.

Foreininga har sidan starten utvikla seg frå å vere eit mindre fagforum til i dag å vere ein profesjonell bransjeorganisasjon. Sjølv om organisasjonen ikkje har nokon stor administrasjon, kan vi tilby våre medlemmar mange nyttige tenester. Norsk Bygdesagforening har kontinuerleg fokus på dei utfordringar som bransjen står overfor og arbeider for å betre rammevilkåra for våre medlemmar og for vår organisasjon. Dette gjeld særleg innanfor forskning og utviklingsarbeid. Med liten administrasjon og god organisering er Norsk Bygdesagforening ein smidig organisasjon som skal vere nær kvar enkelt medlem.

Vi veit at mange av våre medlemmar har høg kompetanse på materialkvalitet og nytting av råstoffet, noko som gir heilt unike produkt. Vi ønskjer sjølv sagt fleire på laget og håpar du vil bli medlem.

Med visjonen:

«Best på lokal verdiskaping, kvalitet og miljø» skal vi byggje organisasjonen vidare.

MEDLEMSBLADET VÅRT «SAGBLADET»

er vår viktigaste informasjonskjelde ut mot medlemmane og abonnentane. Sagbladet er eit bransjeblad med kun innhald som er relevant for bransjen vår. Vi har eit sterkt fokus enkeltbedrifter og på produkt som vert levert frå våre medlemmar. Bladet blir distribuert til medlemmar, abonnentar og til andre interesserte. Vi får gode tilbakemeldingar på innhaldet i bladet frå lesarane. Du kan gjerne be om eit prøveeksemplar, så kan du bedømme sjølv.



Nettsida www.sag.no

Foreininga vår har eiga nettside, som stadig vert meir populær. Den vert oppdatert med nyheiter frå bransjen og kvar enkelt medlem vert marknadsført både med kontaktopplysningar og produkt i eige Leverandørregister. Medlemmane våre har også eksklusiv tilgang til eigen salsportal på nettsida.

KVA KAN VI TILBY?

- Eit sterkt og godt fagmiljø
- Eit unikt medlemsblad med stoff kun frå vår bransje, m/gratis annonseplass for medlemmar
- Vi arrangerer mange kurs der praksis er hovudfokus. Desse 2-dagers kursa er mest populære:

Sortering av material
Tørking
HMS
Høvling
Sagbladstell
Sal- og Marknadsføring
Drift av sagbruk

- HMS-planar for vår bransje
- Gunstig forsikringsavtale
- Rådgjeving for medlemmane
- Stort nettverk av samarbeidande organisasjonar
- Nettside med presentasjon av alle medlemmar og tilgang til kjøp/salg funksjon
- Gunstige kjøp av arbeids- og fritidskle m/logo
- Gode fagarrangement for bransjen
- Studieturar både innan- og utanlands

Råstoff

Med unikt råstoff og rett sortering får vi produkt av svært høg kvalitet.

Foredling

Kvar enkelt stokk blir nøye vurdert!
Materialkunnskap er vårt fortrinn

Produkt

Kombinasjonen av solid kunnskap og rett bruk gjev kvalitetsprodukt!